



Tysvær kommune
Postboks 94
5575 AKSDAL

Postadresse:
Postboks 59 Sentrum,
4001 Stavanger

Besøksadresse:
Lagårdsveien 44, Stavanger

T: 51 56 87 00
F: 51 52 03 00
E: fmropost@fylkesmannen.no

www.fylkesmannen.no/rogaland

Varsel om tilsyn med Tysvær kommune – skolen sitt arbeid med elevane sitt utbytte av opplæringa, og skolebasert vurdering

Etter § 14-1 første ledd i opplæringslova har Fylkesmannen heimel til å føre tilsyn med at kommunane og fylkeskommunane oppfyller pliktene dei er pålagde i eller i medhald av opplæringslova. Fylkesmannen har rett til innsyn i dokument og tilgjenge til lokale og anlegg når det er nødvendig for å ivareta Fylkesmannen sine oppgåver, jf. kommunelova § 60c.

I perioden 2014 – 2017 blir det gjennomført eit felles nasjonalt tilsyn (FNT) knytt til skolen sitt arbeid med elevane sitt utbytte av opplæringa. Tilsynet er delt inn i tre område:

- skulen sitt arbeid med eleven sitt utbytte av opplæringa
- skulen sin forvaltningskompetanse
- arbeidet med skolebasert vurdering

Utdanningsdirektoratet har utarbeidd rettleiingsmaterieil for det felles nasjonale tilsynet. Rettleiingsmaterieilet inneheld nærare informasjon om dei ulike tilsynsområda og innhaldet i det felles nasjonale tilsynet. Rettleiingsmaterieilet er tilgjengeleg på www.udir.no

Varsalet om tilsyn gjeld

1. Nedstrand barne- og ungdomsskule og Tysværvåg barne- og ungdomsskule sitt arbeid med elevane sitt utbytte av opplæringa, jf. opplæringslova kap.1, 2 og 5, og forskrift til opplæringslova kap.1 og 3. Hovudpunkt i tilsynet vil vere
 - skulen sitt arbeid med opplæring i fag, jf. opplæringslova §§ 2-3, 5-1 og 5-5 og forskrift til opplæringslova §§ 1-1, 3-1 og 3-2
 - undervegsvurdering for å auke eleven sitt læringsutbytte, jf. opplæringslova § 5-5 og forskrift til opplæringslova §§ 3-1, 3-2, 3-11, 3-12 og 3-13
 - undervegsvurdering som grunnlag for tilpassa opplæring og særskilt tilrettelegging, jf. opplæringslova §§ 1-3, 5-1, 5-4 og 5-5 og forskrift til opplæringslova § 3-11
 - vurdering av behov for særskilt språkopplæring, jf. opplæringslova § 2-8
2. Tilsyn med skolebasert vurdering, jf. forskrift til opplæringslov § 2-1 – undersøking av Nedstrand barne- og ungdomsskule og Tysværvåg barne- og ungdomsskule si jamlege vurdering av eiga verksemd og måloppnåing. I vurdering av eiga verksemd ligg det at skolen skal vurdere organisering, tilrettelegging og gjennomføring av opplæringa.

Gjennom å kontrollere om skoleeigar og skolen held dei rettslege krava, skal eventuell lovstridig praksis avdekkast og rettes opp.

Føremål med tilsynet

Temaet for det nasjonale tilsynet er retta inn mot skulen sitt kjerneområde: Å arbeide med eleven sitt utbytte av opplæringa. Det overordna målet med tilsynet er å medverke til at alle elevar får eit godt utbytte av opplæringa og oppnår ønska kompetanse. Elevvurdering, skolebasert vurdering og nasjonal vurdering skal sjåast i samanheng og skal samla sett utfylle kvarandre og medverke til at den enkelte eleven blir motivert til å ta i bruk sine evner og anlegg, og at dei nasjonale måla for opplæringa styrer arbeidet i skolen. Å bidra til at elevane på denne måten får et godt utbytte av opplæringa, er det overordna føremålet med tilsynet.

Det er kommunen som har det overordna ansvaret for at krava i opplæringslova blir etterlevd, jf. opplæringslova § 13-10 første ledd. Tilsynet skal bidra til at kommunen som skoleeigar sørger for at:

- elevane får kjennskap til og opplæring i dei kompetansemåla som sentrale styresmakter har fastsett
- elevane får tilbakemeldingar og deltar i opplæringa slik at dei får reelt høve til å nå måla for opplæringa
- elevane sitt utbytte av opplæringa blir vurdert kontinuerleg
- elevane blir følgde opp og får nødvendig tilrettelegging når utbyttet av opplæringa ikkje er tilfredsstillande

For skolebasert vurdering gjeld det at:

- kommunen har gode kjelder og relevant informasjon om elevane si måloppnåing
- kommunen avdekkjer årsaker til manglande måloppnåing og gjennomfører endringar
- kommunen sikrar brei elevmedverknad i gjennomføringa
- kommunen gjennomfører vurderinga jamleg

Gjennom tilsyn med skoleeigar og skolen skal ein eventuell lovstridig praksis avdekkast og rettas opp.

Gjennomføring av tilsynet

Fylkesmannen har valt å føre tilsyn med Tysvær kommune si etterleving av lovkrava knytte til tilsynstemaet. Tilsynet blir utført ved ein gjennomgang av innsendt dokumentasjon og ved intervju.

Dersom Fylkesmannen avdekkjer lovbrøt, vil Tysvær kommune få førehandsvarsel om vedtak, jf. forvaltningslova § 16, og få høve til å uttale seg i saka. Kommunen vil deretter få ein rimeleg frist til å rette lovbrøt før Fylkesmannen vedtar eit eventuelt pålegg om retting.

Tilsynet blir opna gjennom dette brevet. Vi viser elles til kontakt med kommunalsjef Eli Krokedal.

Plan for gjennomføringa av tilsynet (med atterhald om endringar):

Veke 17: Rettleiingsmøte for leiinga og lærarane på Tysværvåg barne- og ungdomsskole og Nedstrand barne- og ungdomsskole, leiinga og eventuelt andre lærarar ved andre skolar i Tysvær kommune, og ansvarlege frå skoleadministrasjonen.

Tid og stad: Tysværtunet 26. april kl. 13:00 – 15:30

Veke 23: Frist for gjennomføring av eigenvurdering i Reflex og innsending av dokumentasjon.

Veke 38 eller 39: Gjennomføring av intervju av tilsette og elevar ved skolane.

Side 2 av 3

Veke 48: Sluttmøte for leiinga og lærarane ved Tysværvåg barne- og ungdomsskole og Nedstrand barne- og ungdomsskole, leiinga og eventuelt andre lærarar ved andre skoler i Tysvær kommune, og ansvarlege frå skoleadministrasjonen. Tid og stad vil bli bestemt til hausten.

Gjennomføring av intervju skjer på skolen. Intervjuplan blir sett opp i samarbeid med rektor ved skolen.

Fylkesmannen gjer merksam på at både førebels og endeleg tilsynsrapport er offentleg, jf. offentleglova § 3. Den endelege tilsynsrapporten vil bli publisert på Fylkesmannen si nettside.

Innsending av dokumentasjon

Fylkesmannen ber Tysvær kommune om å gjennomføre eigenvurdering i Reflex, <http://reflex.udir.no>. Rektor skal fylle ut eigenvurdering, samt lærarar som blir avtalt mellom Fylkesmannen og skolen. Rektor og dei aktuelle lærarane skal laste opp dokumentasjon (som ikkje er unnateke frå det offentlege) som det blir vist til i eigenvurderingane. Praktiske detaljer om dette blir gitt på rettleiingsmøtet.

Spesielt om utfylling av skoleeigar si eigenvurdering

- I tillegg til å svare ja eller nei på spørsmåla, må skoleeigar gi ei grundig grunngjeving for svaret i Reflex.
- Skoleeigar skal ikkje laste opp dokument som underbyggjer svaret og grunngjevinga. Dette blir først aktuelt dersom Fylkesmannen vel å utvide tilsynet til å omfatte om skoleeigar har eit forsvarleg system.

Fylkesmannen ber også om å få tilgang til It`s Learning eller anna aktuell læringsplattform på skolane.

Plikta til å sende inn dokumentasjon følgjer av opplæringslova § 14-1 første ledd, jf. kommunelova § 60c. Dokumentasjon som blir sendt inn, kan berre bli unnateke frå det offentlege i den grad det er heimla i offentleglova.

Skoleeigaren har rett til innsyn i saksdokumenta, jf. forvaltningslova §§ 18 flg.

Fylkesmannen sitt tilsynslag er Una Bjørnseth Haugen og Hilde Folkvord Juul (tilsynsleiar). Spørsmål om tilsynet kan rettast til Hilde Folkvord Juul, fmrohjf@fylkesmannen.no eller på telefon 51568957.

Med helsing

Hjalmar Arnø
seniorrådgivar

Hilde Folkvord Juul
rådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Saksbehandlar: Hilde Folkvord Juul
Saksbehandlar telefon: 51 56 89 57
E-post: fmrohjf@fylkesmannen.no

